



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Mandag 16.09.2019

Klokka 09.00 – 13.00

Stad: Brakanes Hotel, Ulvik

Til stades:

Eidfjord kommune:	Ordfører Anved Johan Tveit
Granvin herad:	Ordfører Ingebjørg Winjum
Jondal kommune:	Ordfører Jon Larsgard
Odda kommune:	Ordfører Roald Aga Haug frå kl 10.15
Kvam herad:	Ordfører Jostein Ljones - Rådsvaraordfører
Ullensvang herad:	Ordfører Solfrid Borge
Ulvik herad:	Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen - Rådsordfører
Hardangerrådet iks:	Styrenestleiar Astrid Dale Vindal
Rådmannsforum:	Rådmann Thore Hopperstad
Administrasjonen:	Dagleg leiar Jostein Eitrheim og konsulent Trude Rinaldo

Agenda:

09.00 – 12.00 Sakshandsaming

12.00 – 13.00 Lunsj

13.00 – 15.00 Sakshandsaming

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordfører:

Solfrid Borge

Jon Larsgard

Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt. Roald Aga Haug deltok ikkje i HR-sak 31, 35, 37 og 38. Vedtaka er gjort samrøystes med 6 røyster.

Saker til handsaming:

HR-sak 31/19 Saker innmeldte ved starten av møtet.

Vert tatt opp under sak 39/19.

- Hardanger Tingrett
- Rv13 Kinsarvik - Bu
- Regional plan for Hardangervidda
- Ringedugnad for TV-aksjonen
- Rådmannsforum

HR-sak 32/19 Meldingar

Ingen meldingar framlagde.

HR-sak 33/19 Val av interimsstyre for vidare utgreiing av mogelege modellar for regionalt samarbeid mellom Hardangerkommunane.

Vedtak:

Interimsstyret for arbeidet med vidare utgreiing av mogelege modellar for regionalt samarbeid mellom Hardangerkommunane består av ordførarane i medlemskommunane som utgjer Hardangerrådet frå 01.01.2020.

HR-sak 34/19 Plan for arbeid med utforming av strategidokument og selskapsavtale.

Vedtak:

Hardangerrådet vedtek slik tidsplan for arbeidet med utforming og godkjenning av ny selskapsavtale og strategiplan for Hardangerrådet:

Arbeidsgruppe/interimsstyre:	Framlegging av strategiplan	Frist 01.06.2020
Styret i HR:	Framlegging av selskapsavtale	Frist 01.06.2020
Hardangerrådet:	Godkjenning av strategiplan	Frist 30.09.2020
Hardangerrådet:	Godkjenning av selskapsavtale	Frist 30.09.2020
Medlemskommunane:	Godkjenning av selskapsavtale	Frist 31.12.2020

HR-sak 35/19 Hardingtinget 2019.

- **Endring av dato**
- **Fastsetjing av program**

Hardangerrådet ser det som vanskeleg å samla formannskapa til eit Hardingting før nyttår. Det neste ordinære Hardingtinget er planlagt til februar 2020 og rådet føreslår derfor å utsetja samling til dette tidspunktet.

Vedtak: Hardingtinget 2019 vert avlyst. Det neste Hardingtinget vert 13. februar 2020.

HR-sak 36/19 Spleiselag for Turistbåtruta på Hardangerfjorden

Reiselivsnæringa bør utfordrast til å bidra i spleiselaget.

Vedtak:

For året 2020 vert fordelinga slik:

Hardangerrådet	150.000
Eidfjord kommune	150.000
Ullensvang kommune	100.000
Kvam herad	50.000
Ulvik herad	<u>50.000</u>
	500.000

Administrasjonen tek kontakt med reiselivsorganisasjonar/verksemder med oppmoding om deltaking i spleiselaget. Bidrag frå næringslivsaktørar vil gå til frådrag på Hardangerrådet sin andel.

HR-sak 37/19 Mitt yrke-unge gründere-serien/ Gründer i Hardanger Søknad om støtte

Vedtak:

Hardangerrådet avslår søknad frå Adalia Film & Media på kr 90.000 i støtte til filmprosjekt.

HR-sak 38/19 Møteplan for Hardangerrådet 2020.

Hardangerrådet har fram til no hatt sine faste møter på torsdagar. Gjennom å fastsetja møteplan for komande år så tidleg som i september har medlemskommunane kunna tilpassa sine møteplanar slik at ein har unngått møtekollisjonar.

Frå nyttår er det to nye kommunar/herad som skal tilpassa sine møteplanar til Hardangerrådet og det er derfor ønskje får rådet at det framlagde utkast til møteplan 2020 for Hardangerrådet vert sendt til uttale til alle kommunane slik at ein får avklart om rådsmøta skal vera på torsdagar eller om dei skal flyttast til ein annan vekedag.

Vedtak:

Utkast til møteplan vert sendt ut til kommunane for uttale. Kommunane vert bedne om å gje tilbakemelding til administrasjonen innan 15. oktober. Endeleg vedtak vert gjort i neste rådsmøte 24. oktober.

HR-sak 39/19 Orientering- og drøftingssaker.

- Hardanger Tingrett
 - Kva skal Hardangerrådet/kommunane førebu ift. framlegging av rapport?
- Rv13 Kinsarvik - Bu
 - SVV har signalisert mogelege tiltak før neste sommarsesong
- Regional plan for Hardangervidda
 - Samordning av uttalar - handsaming i møtet 19.09.
- Ringedugnad for TV-aksjonen
 - Minna nye ordførarar om avtalen.
- Rådmannsforum
 - Rådmannsforum har ønskje om å få ei bestilling frå rådet om kva ein ønskjer med rådmannsforum. Dette må takast opp i arbeidet med ny strategiplan og selskapsavtale.

Møteboka godkjent 16.09.2019.

Hans Petter Thorbjørnsen
Rådsordførar

Rådsmedlem
Solfrid Borge

Rådsmedlem
Jon Larsgard